



KOPI

Hordaland fylkeskommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1034 - 16/6068

Sakshandsamar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:
09.12.2016

Oversending av rapport etter ferdiggjering av fortau med fartshump sør for Sandnes skule i Masfjorden

Det vert vist til dykkar brev av 22.02.2016, med referanse 2014/14645-95, der det vart gjeve tilskot til fortau med fartshump vpå fylkesveg 570 ved Sandnes skule.

Masfjorden kommune sender med dette over rapport for ferdiggjering av fortau med fartshump sør for Sandnes skule. Det vert vist til vedlagde rapporteringskjema for 2016, samt prosjektrekneskap med underlag. Vidare vert det vist til vedlagd protokoll for overtaking frå Statens Vegvesen dagsett 07.12.2016.

Førsituasjonen:

Utgangspunktet var her ein vanleg fylkesveg utan fortau like inntil Sandnes skule, i eit område med mange mjuke trafikkantar.

Sjølve arbeidet med graving og bygging av fortau m.v. starta opp i slutten av august og tiltaket med skilting og oppmerking vart gjort ferdig i slutten av oktober.

Effekten av tiltaket er at elevar som bur i området får ein tryggare skuleveg på sørsida. Samstundes er det gjort ei større vegutbetring i regi av Statens Vegvesen frå skulen og nordover, noko som har medført samanhengande fortau på ca 350 meter ved skulen på Sandnes. Det medfører at dette sentrale området med skule og barnehage har vorte tryggare for mjuke trafikkantar i alle aldrar. Det vert lagt ved to fotografier, som vert sendt direkte til sakshandsamar, som viser arbeidet som er gjort og det nye fortauet med fartshump.

Det kom inn nokre justeringar i prosjektet etter drøftingar med Statens Vegvesen. Plasseringa av fartshumpen vart endra og den sørlege delen av fortauet vart flytta til austsida av vegen. Fortauet vart då

forlenga med ca 15 meter i høve opphavelg plan, og kjem på sørsida av elva. Det medfører at det vert lettare å forlenga fortauet seinare om det skulle verta aktuelt.

Prosjektet sin kostnad kom på ca 350.000,-, og kommunen sin eigenandel etter at tilskotet er motteke, vil koma på ca 117.000,-. Då er ikkje eigeninnsatsen til administrativ innsats og anna praktisk førebuing teke med. Denne innsatsen kan stipulerast til ca 40 timar inkludert møter med entreprenør og Statens Vegvesen.

Ønskjer de fleire opplysningar om prosjektet kan de ta kontakt med underteikna. Masfjorden kommune ber med dette om at tilskotet på krone 175.000,- vert utbetalt.

Med helsing

Sveinung Toft
ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

20161209105005

Rapporteringskjema 2016. Tilskot til mindre fysiske ts tiltak i Masfjorden - fylkesveg 570 fortau

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

KOPPI